



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi startar verneprosess for Teraåsen som naturreservat i Aurland

Etter dialog med grunneigarane melder vi formell oppstart av skogvernprosess for Teraåsen som naturreservat i Aurland kommune, Vestland. Føremålet med dette brevet er å informere om prosessen som no startar opp etter naturmangfaldlova, og for å innleie til medverknad og innspel frå aktuelle partar. Sjå avgrensing av området i kartvedlegg til dette brevet eller ved å gå inn på nettstaden vår. Frist for uttale til oppstartsmeldinga er 6. april 2026.

Tilbudsområdet omfattar fire grunneigarar i eit sameige med gards- og bruksnummer 14/1-4. Arealet er eigd av private grunneigarar og dei har underskrive tilbod om vern av Teraåsen som naturreservat etter prosedyren om frivillig skogvern. Det føreslegne verneområdet har ein storleik på totalt 4505 dekar, der om lag 2400 dekar er skogdekt og 1300 dekar av dette reknast som produktiv skog. Det er ikkje inngått bindande avtale mellom staten og grunneigarane, så vi tek atterhald om endringar.

Området vart kartlagt jamfør prosedyre for frivillig skogvern sommaren 2024 av biologar frå Dokkadeltaet nasjonale våtmarkssenter.

Kva verneverdiar finn vi i kandidatområdet?

Teraåsen ligg i ei bratt sørvendt lise i ein gradient frå Vassbygdevatnet (55 moh) til høgfjellet (over 1000 moh) mellom Vassbygdi og Aurlandsvngen i indre fjordstrøk i Sogn. Gradienten dekker boreonemoral, sørboreal, mellomboreal og nordboreal vegetasjonssone. Området består såleis av stor variasjon i naturgitt mangfald. Området har om lag 600 dekar med kalkrik mosaikk, og har område med både store, gamle tre og liggjande død ved. Teraåsen dekker også ein bekkekløftlokalitet som har potensiale for raudlista natur, men denne vart ikkje nærare kartlagt grunna rasfare.

Det er registrert seks ulike raudlista naturtypar i den kartlagde skogen, mellom anna kalkedellauvskog (EN), frisk rik edellauvskog (NT) og kalk- og lågurtfuruskog (VU). Også naturtypen svært uttørkingseksponert sørleg kalkberg (NT), ein svært sjeldan naturtype i Sogn og Fjordane, er registrert. Her vart det funne fleire uvanlege artar som praktoransjelav (VU), narreoransjelav (VU) og grynrosettjav (NT). Tørr, kalkrik edellauvskog er viktige leveområde for raudlista artar, som t.d. mykorrhiza-soppen safranslørsopp (VU), og i Teraåsen finst det truleg fleire av disse mykorrhiza-



soppartane som Noreg har eit internasjonalt ansvar for. Den boreale lauvskogen har ein velutvikla skogstruktur med rike lågurt-utformingar, og sjølv om mykje av furuskogen er fattig er det også innslag av rikare furuskog. I furuskogen er det relativt mange gamle tre på over 200 år. På gamal og død furu er det gjort interessante funn av raudlisteartar, til dømes druelav (NT).

Teraåsen bidreg til å fylle manglar i skogvernet knytt til lågareliggjande område i sørboreal og boreonemoral vegetasjonssone. Arealet husar rik edellauvskog i ulike utformingar, og ei stor bekkekløft. Skogen under 800 meter blir vurdert å vere nasjonalt verneverdig grunna den store variasjonen av skogtypar inkludert rik edellauvskog, rik og gamal furuskog og førekomst av stor bekkekløft, samt dei mange registrerte og potensiale for fleire raudlisteartar.



Teraåsen i Aurland er eit kandidat område for skogvern og har eit variert skogbilette med daud ved og sjeldne artar. Foto: Dokkadeltaet nasjonale våtmarkssenter AS.

Mål om 10 prosent vern av skogen i Vestland

Det er ei nasjonal målsetjing om redusere tapet av naturmangfald, og som eit ledd i dette har regjeringa ei langsiktig målsetting om at 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med 3,4 prosent av skogen i fylket verna til no er vi enno langt unna dette målet i Vestland. Eit vern av Teraåsen som naturreservat vil dekkje viktige manglar i skogvernet i Noreg, og ein vil komme litt nærmare målet om å ta betre vare på sjeldne og truga artar og naturtypar i fylket.

Kva betyr det at eit område vert verna?

For å ta vare på store og sårbare naturkvalitetar i eit område er det nødvendig med ei verneform som sikrar mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne Teraåsen som naturreservat. Ei slik



verneform vil i utgangspunktet forby aktiviteter og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil òg føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep.

Brukarinteresser

Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk, og ålmenta vil kunne nytte området til friluftsliv, og sanking av matsopp og bær. Beiting og vedlikehald av stiar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet er også generelle unntak frå vernereglane. All ferdsel skal skje varsamt og med omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. Motorisert ferdsel er forbode, med unntak av naudsynt uttransport av felt vilt eller sjuke/skadde bufe. Verneprosessen vil kunne få fram informasjon om fleire brukarinteresser.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på verneforslaget slik at prosessen og ulike tema kan bli så opplyst som mogleg. Når innspel til oppstartsmeldinga er vurdert, vil vi sende eit meir detaljert forslag til vern på høyring. Under høyringa har vi ei innspelsperiode på minst to månader.

Send innspel til oppstartsmeldinga som brev til Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvlpost@statsforvaltaren.no innan 6. april 2026

Vedlagt ligg utkast til vernekart og vernereglar. Denne informasjonen finn du også på nettstaden vår under tema [Høyringar](#). Vi har også ei eiga temaside om du følgjer [denne lenkja om frivillig skogvern](#) med generell informasjon om ordninga.

Dette brevet er sendt ut til lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet. Vi ber om tilbakemelding på eventuelle manglar i adresselista til sakshandsamar på e-post maria.knagenhjelm@statsforvalteren.no

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Utkast verneforskrift Teraåsen naturreservat i Aurland
- 2 Utkast til vernekart for Teraåsen i Aurland



Mottakarakar:

Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Fiskeridirektoratet

Postboks 185 Sentrum

5804 BERGEN

Norges vassdrags- og
energidirektorat - NVE

Postboks 5091

0301 OSLO

Majorstua

Landbruksdirektoratet

Postboks 56

7701 STEINKJER

Vest politidistrikt

Postboks 85

6901 FLORØ

Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Postboks 3021 Lade

7441 TRONDHEIM

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN

Luftfartstilsynet

Postboks 243

8001 BODØ

Forsvarsbygg

Postboks 405 Sentrum

0103 OSLO

Avinor

Postboks 150

2061 GARDERMOEN

NTNU

Postboks 8905

7491 TRONDHEIM

Høgskulen på Vestlandet

Postboks 7030

5020 BERGEN

Norsk institutt for bioøkonomi

Postboks 115

1431 ÅS

Forum for Natur og Friluftsliv i
Hordaland v/ Bergen Turlag

Tverrgt. 4/6

5017 BERGEN

Det norske skogselskap

Den Norske Turistforening

Youngstorget 1

0181 OSLO

Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn
og Fjordane

Sognefjordvegen 40

6863 LEIKANGER

Fortidsminneforeningen

Dronningens gate 11

0152 OSLO

Friluftslivets Fellesorganisasjon

Nedre Slottsgate 25

0157 OSLO

Friluftsrådenes Landsforbund

Gamle Drammensvei
203

1337 SANDVIKA

Havforskningsinstituttet

Postboks 1870

5817 BERGEN

Nordnes

Norsk institutt for naturforskning

Postboks 5685

7485 TRONDHEIM

Torgarden

KS - Kommunesektorens
organisasjon

Postboks 1378 Vika

0114 OSLO

Natur og ungdom

Postboks 4783

0506 OSLO

Sofienberg

NHO Reiseliv

Postboks 5465

0305 OSLO

Majorstuen

Norges Bondelag

Postboks 9354

0135 OSLO

Grønland

Sør-Norges Fiskarlag

Slottsgaten 3

5003 BERGEN



Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO



Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
Sogn og Fjordane			
DNT Sogn og Fjordane	Hans Hygens gate 1		Høyanger
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
VASSBYGDIVATNET GRUNNEIGARLAG	c/o Anskar Guttorm	2760	BRANDBU
	Veum Grimsrud		
	Julibakka 10		
AURLAND ENERGIVERK AS	Grandavegen 4	6887	LÆRDAL
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN